

GRUNNEIGARANE PROTESTERER MOT SFE SINE KRAFTVERKSPLANAR I NORDDALSVASSDRAGET.

SFE har søkt om å bygge ut fleire kraftverk i Norddalsvassdraget. Vi som er grunneigarar langs Gnr 76 Solheim sin del av vassdraget protesterer mot desse planane på det sterkaste. Konsekvensane for dei naturverdiane som er i området er etter vårt syn for store til at utbyggingane kan akseptast.

Saksutgreiinga frå administrasjonen synleggjer i liten grad kvalitetane i området og dei konkrete konsekvensane av kraftutbyggingane. Utbyggingane som Flora kommune skal uttale seg til er store naturinngrep i tilnærma i urørde naturområde. Vi vonar at vi med dette skrivet kan opplyse saka.


NVE og Olje og Energidepartement avviste i 2003 ei utbygging av Hestedalsfossen fordi ulempene var større enn fordelane med tiltaket. Ein kan trygt sei at miljøkonsekvensane i høve til kraftressursen er større for Grønskredvatnet kraftverk og Myrbærdalen kraftverk enn kva tilfellet var for Hestedalselva. Når ein i tillegg opererer med høge utbyggingsprisar så meiner vi vilkåret om at fordelane av inngrep skal overstige ulempene (jf vassressurslova §25) i denne omgang heller ikkje kan stettast.

Det er viktig å merke seg at området rundt Storevatnet og Fessevatnet framstår utan synlege tekniske inngrep i dag, med unntak av ei eldre, restaurert gjetarhytte ved Fessevatnet. Vert det gjeve konsesjon som omsøkt vil alle synlege fossar i heile dette store området bli reduert til sildrebekkar.

Vidare vil vi gjere greie for dei viktigaste konkrete konsekvensane av utbyggingane som tilseier at løyve ikkje bør gjevast:

Myrbærdalen kraftverk

Sjå bilete under. For å kome fram til Myrbærdalen lengst til venstre i biletet må det byggast bilveg i dei bratte berga (frå høgre) langs vatnet. Fleire stader går berget bratt rett ned i vatnet. Resultatet vert veldige skjæringar over lange strekningar som ikkje kan skjulast på noko vis. Av tekniske inngrep kan ein frå før i heile dette landskapsrommet berre sjå ei eldre gjetarhytte (bak til venstre for fotografen). Biletet syner kvar vegen må gå langs Fessevatnet. Strekningen langs Storevatnet er like lang. Utbyggingsprisen er 6,66 NOK/kWh, neppe rekningssvarande sjølv med auka kraftprisar.



Grønskredvatnet kraftverk og Fessene

Fessene (sjå bilete under) var måla av målaren Harald Seim. Det digre måleriet av fossen, med meir vassføring enn her, hang langs ein heil vegg på gamle Nordal kafè i Florø. Dersom Grønskredvatnet kraftverk vert bygd vil vatn som går gjennom kraftstasjonen bli ført vekk frå Fessevatnet og Fessene. Med unntak av vatn frå minstevassføring og flaumoverlaup vil nærare halve noverande nedslagsfelt til Fessene falle bort. Frå før er om lag halve nedslagsfeltet til heile Norddalsvassdraget (langt større del av nedslagsfeltet til Fessene) ført over til Svelgen. Det betyr at den før så majestetiske fossen vert heilt radert vekk. Vi kan på ingen måte godta at meir vatn vert ført vekk frå Fessevatnet og fossen Fessene.



Grønskredfossen er elles eit markert landskapselement som vil bli redusert til ein sildrebekk utanom flaumperiodar.

Gytetilhøva i Fessevatnet

Kraftverksplanane inneber at alle dei tre gyteelvane i Fessevatnet vert øydelagde. Ingen elvar vil ha meir produserande areal enn kva minstevassføring vil gi. Dette vil etter vårt syn øydelegge fiskeressursen i Fessevatnet

I vatnet no er det svært fin fisk, stor og i god kondisjon. Etter fleire år med småfallen fisk ser det ut som om vatnet har fått opp ein solid stamme med fiskeetande storaure som held bestanden i balanse med svært høg kvalitet. Vi kan ikkje godta ei utbygging som øydelegg det gode fisket. Fisket er mellom anna ein viktig attraksjon for den nyrestaurerte gjetarhytta (Fessehytta).

VI OPPMODAR DEG SOM REPRESENTANT I FLORA BYSTYRE TIL Å STEMME MOT GRØNSKREDVATNET OG MYRBÆRDALEN KRAFTVERK.

Med helsing

Rune Solheim	GBnr 76/1	(s)
Sigbjørn Solheim	GBnr 76/2 og 3	(s)
Magnar Solheim	GBnr 76/4	(s)
Ståle Ottar Solheim	GBnr 76/5	(s)
Toralf Otnes	GBnr 76/6	(s)
Atle Sølve Solheim	GBnr 76/7	(s)
Jørgny Stvang	GBnr 76/10	(s)

Norddalsfjord 01.06.2013